



Hagerømlingar

Hageplantar som blir miljøproblem

Informasjon til hageeigarar, planteutsal og entreprenørar

Fylkesmannen i Hordaland



Formålet med denne brosjyren er å informere deg som hageeigar, planteseljar eller entreprenør om kva slags hageplantar som kan vere skadelege i norsk natur. Slik kan du velje betre plantar og vere bevisst på risiko forbunde med handtering av plantemateriale.

■ INNHALD

Kva er problemet med framande artar?	4
Kva kan hageeigarar gjere?	6
Parkslirekne	10
Hagelupin	12
Kjempespringfrø	14
Kjempebjørnekjeks og Tromsøpalme	16
Framande mispelartar	18
Andre framande artar å vere merksam på	20
Blindpassasjerar på hageplantar	30
Faktaark og nettstader / meir informasjon	31

■ KVA ER PROBLEMET MED FRAMANDE ARTAR?

På verdsbasis blir innførte, skadelege artar rekna som eit av dei største trugsmåla mot naturmangfaldet, etter nedbygging og oppstykkning av naturområde. Årsaka til dette, er at innførte artar i mange tilfelle har vist seg å vere til skade for stadeigne artar. I verste fall kan dei stadeigne artane forsvinne heilt fordi dei blir konkurrert ut, etne eller smitta av dødelege sjukdommar frå dei nye artane. Innførte artar som kan vere til skade for dei naturlege artane i eit området blir omtalt som framande, skadelege artar. Artsdatabanken har utarbeidd ei liste over dei mest skadelege, innførte artane som har etablert seg her i landet, den såkalla svartelista. Dei fleste svartelista artane er karplantar. Ved å flytte artar over store avstandar er vi med på å viske ut geografiske tilpassingar og særpreg som det har tatt naturen millionar av år å bygge opp.

Ein framand art er ein art som opptreir utanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og der han ikkje kunne spreidd seg utan hjelp frå menneske.

Hageplantar kan bli problemartar

Import av prydpplantar til hagar og parkar har lang tradisjon i Noreg. Dei fleste importplantane er ikkje tilpassa vårt klima og jordsmonn, og sprer seg sjeldan utanfor hagegjerdet. Nokre klarar seg derimot bra og finn vegen ut.

Importen av plantar har ført til store endringar i norsk natur, både positivt og negativt. Ein stor del av planteartane i Noregs flora har kome hit ved hjelp av menneske og er i dag ein del av det vi kallar heimehøyrande artar. Desse har funnet sin plass og konkurrerer ikkje ut andre artar.

Rundt 40 % av dei framande planteartane som er i spreing i naturen her i landet er brukt som hageplantar, og det er difor viktig å ha fokus på denne kjelda til spreing. Om du alt har risikoartar i hagen, vil brosjyren gi deg råd om kva du kan gjere for å hindre at plantane sprer seg til naturområde eller korleis du nedkjempar arten. Ved å kjenne desse artane kan du gjere mykje for å hindre skadeverknader på naturen.

Husk at bruk av plantevernmiddel alltid må skje i samsvar med gjeldande regelverk og at miljøvenlege metodar skal vurderast først.



Foto: Sarah Skouen

Hagelupin ved Vangsvatnet på Voss. Her trugar hageplanten verdifull natur; elvedelta, ved å endre naturforholda der den veks fordi den er fanger nitrogen frå lufta og gjer jorda meir næringsrik.

■ KVA KAN HAGEEIGARAR GJERE?

Vel rett plante

Ved innkjøp av hageplantar er det svært viktig å vurdere risikoen for at planten kan spre seg ut av hagen og etablere seg i naturen, særleg dersom hagen din ligg nært verdifulle naturområde. Svartelista gir ein peikepinn på kva artar ein bør unngå, men hugs at svartelista gjeld for heile landet og difor ikkje fangar opp at artar kan oppføre seg ulik i ulike delar av landet. Til dømes er syrin ein problemart rundt Oslofjorden, men ikkje på Vestlandet. Spør om råd frå betjeninga på utsalsstaden om eigenskapane til planten og faren for at den kan spre seg ut av hagen, eller sjå Artsdatabanken sine heimesider om svartelista artar. Lær deg hageplantene som kan truge naturmiljø der du bur, og unngå å plante desse i hagen din.

Tips! Plantar som formeirar og sprer seg med frø kan haldast i sjakk med å klippe blomen før frøsetting. Hos plantar som sprer seg ved knoppskyting eller jordutløparar må uønskt vekst lukast vekk og destruerast.

Rett handtering av hageavfall

Hageavfall skal aldri kastast i naturen! Det bør komposterast, anten i eigen hage eller i offentlege anlegg. Er det snakk om mindre mengder plantar eller plantedelar som har stor evne til spreiring (sjå liste under), bør dette leggjast i restavfallsdunken og sendast til forbrenning.

Artar som skal leverast som restavfall eller brennast:

- Parkslirekne
- Kjempebjørnekjeks/tromsøpalme
- Kjempespringfrø
- Hagelupin



Hageavfall kan bli til flott jord – heilt gratis

Foto: Wikimedia Commons

Heimekompostering

Kompostering kan hindre spreiring av framande artar, samtidig som du får god kompostjord til bruk som plantenæring heilt gratis. Det enklaste er kaldkompostering der hageavfall anten kan leggjast i ein haug eller i ein bingje. Varmkompostering, som består av ein isolert behaldar, gir mist risiko for at plantemateriale, frø og sjukdomar kan overleve, men er vanskeleg å få til i stort omfang. Varmkompost er å anbefale dersom du også ønsker å kompostere matavfall. Om du heller kokande vatn over planteavfall frå risikoartar er du rimeleg sikker på at alt er dødt før kompostering. Det er lurt å halde oppsyn med jorda etter komposteringa er ferdig for å sjå om det spirer av uønska plantar.



Foto: Wikimedia Commons

Pærebrann på pæretre forårsaka av bakterien *Erwinia amylovora*. Hageplanten bulkemispel er viktigaste berar av sjukdomen. Bulkemispel og andre mispelartar må difor haldast vekke frå dei store fruktdistrikta.

Rett handtering av jordmassar

Jord med frø og plantedelar frå invaderande artar er ei viktig kjelde til spreieing av uønskte plantar. Jordmassar infisert med frø og rotbitar skal handterast på forsvarleg måte i tråd med forskrift om framande organismar § 24 (4). Jordmassane bør helst handterast på staden og ikkje flyttast eller brukast andre stader. Alternativt kan jordmassane leverast til godkjent mottak for varig deponering eller handterast på annan måte som ikkje medfører risiko for spreieing.

Blindpassasjerar

Plantar kan bære med seg ulike typar av bakteriar, sopp, insekt, virus og andre skadelege organismar. Slike blindpassasjerar lever direkte på plantedelar og røter eller i jorda som planten veks i. Organismane kan gjere omfattande skadar i norsk natur. Nokre kan òg spre seg i gartneri, frukthagar mm. og føre til tap av avling og inntekter. Ver derfor merksam på faren ved følgeorganismar når du handlar eller bytter plantar.

Naturmangfaldlova har som mål å stanse tapet av biologisk mangfald. Lova inneheld reglar som skal sikre betre kontroll med innførsel og utsetting av framande artar. Kvar enkelt av oss har plikt til å opptre med aktsemd og gjere det som er rimeleg for å hindre skade på naturmangfaldet.

Ikkje ta med plantar heim frå ferien

I Noreg har vi strenge reglar for innførsel av plantar og plantemateriale. Vi oppmodar privatpersonar om å ikkje ta med seg plantar og plantemateriale heim frå utanlandsreiser. Det er viktig at alle veit og tek på alvor at alt slikt materiale kan ha med seg uønskte følgeorganismar. Dei som likevel har ønske om å ta med slikt materiale til Noreg må sette seg godt inn i importreglane på førehand. Meir informasjon om importreglane og dei ulike artane finn du på Mattilsynet sine nettsider.

Meld frå om funn

Om du finn svartelisteartar spreidd i naturmiljø, kan du rapportere observasjonane inn i artsobservasjoner.no, alternativt melde frå til kommunen eller fylkesmannen. Mistanke om at planter er smitta av alvorlege planteskadegjerarar skal rapporterast til lokalkontoret til Mattilsynet.

SVARTELISTESTATUS: Svært høg risiko.
Forbode å selje i Noreg



Foto: Sarah Skouen

■ PARKSLIREKNE

Reynoutria japonica

Ophav: Nordaust-Asia.

Kraftige, grøne stenglar, 1-4 meter høge med store, breie, spisse og læraktige blad som er 10-30 cm lange. Klasar med mange små kvite, einkjønna blomar i september-oktober. Innført som hageplante og har blitt planta i hagar i over 150 år. Formeirar seg vegetativt med kraftige jordstenglar som kan vekse om lag 50 cm i året og med spreing av stengelbitar. Parkslirekne er den vanlegaste, kjempeslirekne og hybridslirekne kan også finnast i fylket, men i vesentleg mindre omfang. Hybridslirekne er ei kryssing mellom dei to andre artane.

Parkslirekne er rekna blant dei mest problematiske framande artane i verda.

Omfang/problem: Parkslirekne er rekna blant dei mest problematiske framande artane i verda. Den dannar tette, høge bestand og konkurrerer ut all stadeigen vegetasjon der den veks. På grunn av storleiken kan den hindre sikt langs veg og jernbane. Den kan også føre til erosjon, spesielt langs vassdrag, sidan det blir lite undervegetasjon der den etablerer seg. Røtene kan øydeleggje murar. Arten veks nær sagt over alt.

Nedkjemping: Å fjerne slirekne krev tiltak over fleire år. Plantene må kuttast så langt ned mot bakken som mogleg i mai-juni

og med 3-4 vekers mellomrom ut august. Avfallet må leggst i tette plastsekkar som sendast til forbrenning som restavfall eller brennast på staden. Det anbefalast ikkje å kompostere planten. Sprøyting med kokande vatn eller plantevernmiddel kan vere eit alternativ, då artane er svært tidkrevjande å fjerne. Det anbefalast ikkje å grave opp planta, dette er tilnærma umogleg grunna svært stort rotnettverk, og graving og flytting av masser medfører stor risiko for spreing. Dersom massar må flyttast skal dette leverast til varig deponering i godkjent mottak.

HAGELUPIN

Lupinus polyphyllus

Ophav: Nord-Amerika

50-150 cm høg plante med opprette, ugreina stenglar og koplå blad. Dei blå, kvite, rosa, bleikgule og fiolette blomane veks i lange opprette klasar. Forreirar seg både med jordstenglar og frø. Produserer store, håra frøbelgar med giftige frø etter bløming. Kvar plante kan produsere mange hundre frø, som kan ligge i jorda i mange år utan å miste spireevna.



SVARTELISTESTATUS: Svært høg risiko.
Forbode å selje i Noreg.

Foto: Sarah Skouen

Foto: Sarah Skouen

SVARTELISTESTATUS: Svært høg risiko.
Forbode å selje i Noreg.



Omfang/problem: Utsådd langs vegkantar og har etablert seg på hav- og elvestrender med grus- og sandjord. Hentar nitrogen frå lufta og aukar næringsinnhaldet i jorda til fordel for næringskrevjande og konkurransesterke artar. Trugar engvegetasjon og biomangfald langs vegskråningar og i artsrike slåttemarker.

Nedkjemping: Om ein fjerner frøstandane før planta set frø, vil dette hjelpe mykje. Kan lukast, slåast eller gravast opp tidleg i sesongen. Frøa sprer seg lett med flytting av jord. Avfall frå lupinar kan leggast i kompost om det ikkje har byrja å utvikle seg frukter/frø. Kastast elles som restavfall/brennast.

■ KJEMPESPRINGFRØ

Impatiens glandulifera

Opphav: Himalaya og Sentral-Asia

Eittårig, hurtigveksande. Sagtanna, mørkegrøne, saftfulle, blad som er motsette eller tre i krans, på ein saftig, opp til 180 cm høg stengel. Rosa blomar, men fargen kan variere frå kvit til mørkare rosa. Sprer seg berre med frø, og planten har eit grunt rotsystem som gjer den enkel å luke.

Spre seg raskt med frø som blir slynga opptil 6 meter ut frå morplanten.

Omfang/problem: Prydplante i norske hagar. Sprer seg raskt med frø som blir slynga opptil 6 meter ut frå morplanten. Fortrenger andre plantar i fuktig, lysopen skog, våt eng, flaummark, og i veg-, vass- og grøftekantar. Kan føre til erosjon sidan den kan danne tette kratt langs vassdrag, og det etablerer seg lite undervegetasjon der dei veks.

Nedkjemping: Små bestandar kan enkelt lukast før bløming. Større og tettare bestand kan ein slå så langt ned mot bakken som mogleg slik at også småplantar blir fjerna. Ein bør slå første gong tidleg i blømingssperioden (byrjinga av juli) og kvar 3. veke. Om plantane står nær vatn bør ikkje avfallet ligge fuktig, då veksten og frømogninga kan fortsette. Tildekking av bakken kan også hindre spiring av nye plantar. Frøa blir lett spreidde med flytting av jord. Bruk av kokande vatn eller plantevernmiddel er effektivt på store bestand.



Foto: Fylkesmannen i Hordaland

SVARTELISTESTATUS: Svært høg risiko.
Forbode å selje i Noreg.

KJEMPE BJØRNEKJEKS OG TROMSØPALME

Heracleum mantegazzianum og Heracleum persicum

Opphav: Tyrkia, Iran, Irak og Kaukasus

3-4 meter høge og kraftige skjermplanter. Stor, kvitblomstra hovudskjem, ofte over 50 cm i diameter.

Det kan vere vanskeleg å skilje tromsøpalme og kjempebjørnekjeks, og artane forvekslast lett med den heimehøyrande kystbjørnekjeksen. Den sikraste måten er å samanlikne blada. Kjempebjørnekjeks har eitt stort blad og berre eitt bladpar per stilk, medan tromsøpalme har eit stort blad og fleire bladpar per stilk. Kystbjørnekjekks skiljast enklast frå dei to andre ved at han er mindre og "spinklare".

Plantesafta inneheld ei gift som saman med sollys verkar irriterande på hud, og kan gi brannskadar med blemmer og sår.

Omfang/problem: Lite brukt som hageplanter i dag, men sprer seg som ugras langs vegar og på skrotemark. Artane kan spre seg til bekkedalar, strandsoner, skogkantar og eng, og utkonkurrerer all stadeigen vegetasjon der dei veks. Plantesafta inneheld ei gift som saman med sollys verkar irriterande på hud, og kan gi brannskadar med blemmer og sår. Får ein safta i augene kan det gi varige synsskadar. Plantane er mellomvert for skadeorganismar på ei rekke hage- og jordbruksvekstar. På grunn av storleiken kan dei hindre sikt langs veg og jernbane.

Nedkjemping: Fjerning av blomsterstandar før dei rekk å sette frø og kapping av rotstengel/ vekstpunkt er effektive tiltak. Grav opp eller kutt røtene tidleg i vekstsesongen. Om du finn plantar med blomar eller frukter bør desse klippast av, puttast i tette sekker og sendast til forbrenning. Sprer seg lett med flytting av jord. Merk at tromsøpalme også kan spreast med stengelbitar. På grunn av plantesafta bør ein bruke hanskar, vernebriller og vere heilt tildekt når ein arbeider med desse artane. Nedkjemping må ein ofte gjenta over fleire år. Sprøyting med kokande vatn eller plantevernmiddel er effektivt på store bestand.

SVARTELISTESTATUS: Svært høg risiko.
Forbode å selje i Noreg



Kjempebjørnekjeks ved bybanestoppet Florida i Bergen. Foto: Sarah Skouen

SVARTELISTESTATUS: Svært høy risiko.
Forbode å selje i Noreg



Bulkemispel. Foto: Sarah Skouen

■ FRAMANDE MISPELARTAR

■ Cotoneaster spp

Ophav: Europa, Nord-Afrika og Asia

Høgda varierer mellom 0,5 og 4 meter. Mispelartar har vore mykje brukte i hagar, og fleire av dei sprer seg ut i naturområde. Dei får rosa, kvite eller kvitrosa blomar. Om hausten får dei dekorative, raude bær som blir etne og spreidde med fuglar.

- **Bulkemispel (C. bullatus):** Forbode å innføre, selje og plante
- **Pilemispel (C. salicifolius):** Forbode å innføre, selje og plante
- **Dielsmispel (C. dielsianus):** Forbod frå 1.1.2021
- **Sprikemispel (C. divaricatus):** Forbod frå 1.1.2021
- **Blomstermispel (C. monopyrenus):** Forbod frå 1.1.2021
- **Krypmispel (C. horizontalis):** Må søkjast løyve for ikkje-privat bruk
- **Blankmispel (C. lucidus):** Må søkjast løyve for ikkje-privat bruk
- **Mørkmispel (C. moupinensis):** Må søkjast løyve for ikkje-privat bruk

Fleire av artane sprer plantesjukdomen pærebrann som angrip eple- og pæretre.

Omfang/problem: Fleire introduserte mispel-artar er i spreing, særleg på kysten og langs fjordane. Mispel konkurrerer ut annan vegetasjon, og på Vestlandet er artane mest eit problem som potensielle vektorar for sjukdommen pærebrann som angrip eple- og pæretre.

Nedkjemping: Luking, oppgraving og repetert hogst. Stubben kan penslast med plantevernmiddel for å hindre rotskot.

■ ANDRE FRAMANDE ARTAR Å VÆRE MERKSAM PÅ

Kanadagullris og kjempegullris

■ Solidago canadensis og S. gigantea

Fleirårige plantar frå Nord-Amerika, 90-180 cm høge, med lansettforma blad. Små, gule blomar i pyramideforma hovud som blømer frå august til oktober. Sprer seg med rotskot eller frø. Trivst i all slags jord i sol eller halvskugge og utkonkurrerer andre plantar. Kanadagullris er funnen forvilla nokre få stader i Hordaland. Nedkjemping ved luking, frøstandar blir klipte av og destruert. Blir spreidd lett med flytting av jord.



SVARTELISTESTATUS:
Svært høg risiko.
Forbode å selje i Noreg

SVARTELISTESTATUS: Svært høg risiko.
Forbode å selje i Noreg




Foto: Sarah Skouen

Rynkerose

■ Rosa rugosa

Kjem frå Nordaust-Asia. Mykje nytta i hagar og parkanlegg. Rosebusk med store, rosa til kvite blomar og store, kjøtfulle nyper. Rynkete blad og tett tornete skot. Formeirar seg både med rotskot og med frø som toler sjøvatn. Rynkerose toler salthaldig, skrin jord og dannar tette kratt langs strandkantar der dei kan konkurrere ut sårbare artar. Kan også komme i konflikt med friluftområder i strandsona. Nedkjemping ved å grave opp eller kutte ned heile planten fleire gonger i sesongen. Sprøyting kan vurderast då plantene er vanskelege å fjerne heilt ved mekaniske metodar.

SVARTELISTESTATUS:
Svært høg risiko.
Forbode å selje i Noreg



Gullregn / Alpegullregn
Foto: Wikimedia Common

Gyvel

| Cytisus scoparius

Busk som blir opp til 3 meter høg. Blomstrar med store, gule blomar frå mai til juni. Formeirar seg med frø som blir kasta ut av frøbelgen med eit smell når dei er mogne. Finst naturalisert i stort omfang langs vegar og ved bustadområde. Fare for spreining til m.a. kystlynghei som er ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova med særskild fokus for å ta vare på. Trivst på tørr, mager sandjord. Rotsystemet er omfattande og krevjande å bli kvitt. Nedkjempast ved å kappe ned og kan smørje plantevernmiddel på stubben.

Gullregn / Alpegullregn

| Laburnum anagyroides /

Laburnum alpinum

Nøysam plante som trivst i all slags jord. Spirer villig frå frø, men er så langt ikkje observert forvilla så mange stader på Vestlandet. Frøa er svært giftige. Dersom du har gullregn, må du passe på at han ikkje sprer seg i nærområdet. I dag er det ein mindre spiredyktig hybrid, L. watereri, som er i sal.

**Frøa er svært giftige.
Dersom du har
gullregn, må du passe
på at han ikkje sprer
seg i nærområdet.**



Gyvel. Foto: Olav Overvoll

SVARTELISTESTATUS:
Kjem truleg på svartelista 2018



SVARTELISTESTATUS: Høg risiko

Skogskjegg. Foto: Sarah Skouen

Skogskjegg

| Aruncus dioicus

Fleirårig staude, mykje brukt prydblante - populær i norske hagar og hageanlegg. Finst naturalisert i enkelte by- og tettstadsnære turområde. Konkurrerer ut andre plantar og kan dekke skogbotnen fullstendig. Spreidd frå hagar som hageavfall. Nedkjempast enklast ved å fjerne planten med røter.

Fagerfredlaus

| *Lysimachia punctata*

Gammel karakteristisk hageplante med gule kransstilte blomar. Veks særleg godt i moldrik, sandhaldig, lett jord og gjerne med litt skugge. Kan bli svært dominerande og danne tette bestandar som fortrenger annan vegetasjon. Sprer seg gjennom utløparar, frø og hageavfall. Nedkjempast ved lusing, eller kan gravast opp med rot.



Fagerfredlaus. Foto: Sarah Skouen

SVARTELISTESTATUS: Høg risiko.

Japanpestrot og Legepestrot

| *Petasites japonicus* og *P. hybridus*

Sprer seg og etablerer seg i vegkantar og på skrotemark som følgje av hageavfallsdumping og flytting av infisert jord. Trivst i fuktig, finkorna jord. Stort spreingspotensiale i rike våtmarker og skrotemark. Fjernast ved rotstikking med spade.



SVARTELISTESTATUS: Høg risiko.
Søknadspliktig for ikkje-privat bruk

Haustberberis

| *Berberis thunbergii*

Nøysam og hardfør plante med tornete greiner, opphavleg frå fjellområde i Japan. Noko spreidd, mellom anna langs turveggar i by- og tettstadsnære område, men i vesentleg mindre omfang enn mispelartane. Er skuggetolande og kan danne tette kratt i skog. Bæra blir spreidde med fugl, elles er hageavfall viktig kjelde til spreining. Busker kuttast og stubben behandlast med plantevernmiddel.

Slektningen vanleg berberis (*Berberis vulgaris*), som kjem frå Europa og Vest-Asia, har mykje av dei same eigenskapane som haustberberis. Også denne arten sprer seg til nye naturområde frå hagar. Både berberis og haustberberis har kvasse, irriterande tornar, og er derfor krevjande å handtere.

SVARTELISTESTATUS: Svært høg risiko.
Forbode å selje i Noreg frå 1.1.2021



Spirea-arter

Ei planteslekt i rosefamilien med litt under hundre artar. Er mykje brukt i hagar og parkar på grunn av fine blomsterstandar i kvitt eller rosa. Har mange stader spreidd seg utanfor hagar. Kan danne tette bestandar som fortrenger annan vegetasjon. Nedkjempast ved kutting og stubbebehandling med plantevernmiddel.



Foto: Ragni Nordås

SVARTELISTESTATUS:
Frå høg til lav avhengig av art

Framande bartre

Nokre vanlege artar: sitkagran, kvitgran, edelgran, vestamerikansk hemlokk, buskfuru

Særleg dei nordamerikanske artene sitkagran (*Picea sitchensis*) og vestamerikansk hemlokk (*Tsuga heterophylla*) veks raskt og produserer store mengder spirevillige frø. Trivst godt langs kysten, både i edellauvskog, i kystlynghei og i fattige naturskogar, og har potensiale til å utkonkurrere mange tradisjonelle norske plantesamfunn. På lengre sikt har desse artane potensial til å endre heile landskapet. Trea veks tett og skuggar ut annan vegetasjon. Andre artar som buskfuru, kvitgran og edelgran opptrer på ein liknande måte, men ser ikkje ut til å spreie seg like raskt som sitkagran og vestamerikansk hemlokk. Framande bartre er planta på store areal, og ettersom tida går og dei ulike bartreslaga får stå og frø seg, vil det kunne bli ei stor samla belastning. Nokre av desse artane er populære park- og hagetre (til dømes vestamerikansk hemlokk). Om du har ein hage som grensar til verdfulle naturtypar, bør du vurdere å plante andre artar og fjerne frøtre.



SVARTELISTESTATUS: Svært høg og høg risiko avhengig av art. Søknadsplikt for ikkje-privat bruk for sitka, hemlokk og buskfuru. Alle utanlandske bartreslag har søknadsplikt til skogbruksformål



Øverste bilde: Vestamerikansk hemlokk på hogstfelt. Mykje bruk i hagar som enkelttre eller hekk. Sterk spreings- og konkurranseevne.

Nederste bilde: Sitkagran i spreiring i kystlynghei. Foto: Olav Overvoll



SVARTELISTESTATUS: Svært høy risiko.
Søknadsplikt for ikkje-privat bruk

Foto: Sarah Skouen

Platanlønn

| *Acer pseudoplatanus*

Treet har rund krone med femlappa, mørkegrøne, om lag 20 cm lange og breie blad med butte flikar. Små, gulgrøne blomar i hengande klasar. Frøa er svært spiredyktige og ungpantane toler skugge. Kan på relativt kort tid endre skogbiletet, spesielt i lauvskog og edellauvskog der beite og anna skjøtsel har opphørt. Treet er naturleg utbreidd lenger sør i Europa. Her i landet er arten no naturalisert og vanleg i skogsmiljø mange stader.

BLINDPASSASJERAR PÅ HAGEPLANTAR

Brunskogsnegl

| *Arion vulgaris*

Brunskogsneglen vart oppdaga første gong i Noreg i 1988 og har sidan spreidd seg raskt. Den har stor formeringsevne og kan opptre svært talrikt, til stor plage for hageeigarar. Spreiinga skjer særleg ved at egg og småsneglar følgjer med jord og plantedelar. Brunskogsnegelen er altetande, og kan utkonkurrere våre heimehøyrande artar av skogsnegl. Arten gjer også stor skade i hagane. I tillegg kan den gjere stor skade på jordbær og grønsaker. Val av motstandsdyktige hagevekstar og rett stell av hagen kan vere forebyggjande. Elles kan arten nedkjempast ved bruk av m.a. ferramol (jernfosfatpreparat) og nemaslug (nematodar).



SVARTELISTESTATUS: Svært høy risiko

Foto: Sarah Skouen



Foto: Wikimedia Commons

Pærebrann

Alvorleg sjukdom på eple- og pæretre og på prydbuskar i rosefamilien. Sjukdommen er forårsaka av bakterien *Erwinia amylovora*. Bulke- og pilemispel er dei mest mottakelege vertsplantene. Pærebrann er observert langs kysten frå Agder til Møre og Romsdal. På grunn av storstilte utryddingsaksjonar der pærebrann er påvist, har ein til no klart å halde sjukdommen borte frå dei store fruktdistrikta. Fjerning av bulke- og pilemispel er det mest effektive tiltaket for å for å hindre vidare spreieing av pærebrann. Ta kontakt med Mattilsynet om du har mistanke om funn av alvorlege skadegjerarar. Kontaktinformasjon finn du på: www.mattilsynet.no.

■ FAKTAARK OG NETTSTADER/ MEIR INFORMASJON

Det finst ei rekkje nettstader der ein kan få meir informasjon om dei ulike framande artane.

FAGUS (faglig utviklingssenter for grøntanleggssektoren) har laga faktaark som tek for seg nedkjempingsmetodikk for mange av dei framande problemartane (slirekne, kjempebjørnekjeks, kjempespringfrø m.fl.)

Lenker:

- artsdatabanken.no
- bioforsk.no
- dirnat.no
- fylkesmannen.no
- miljostatus.no
- mattilsynet.no
- hageselskapet.no
- fagus.no/publikasjonar (her finn du m.a. faktaark med fjerningsmetodar)
- sabima.no



Fylkesmannen i Hordaland

Kontaktinformasjon:

- Nettside: fylkesmannen.no/Hordaland
- E-post: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
- Telefon: 55 57 20 00
- Adresse: Statens hus, Kaigaten 9, Postboks 7310, 5020 Bergen